


Eigarsskapsmelding



02.11.2021

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

1. Innleiing.....	4
2. Organisasjonsformer for kommunal verksemd	5
2.1. Innleiing.....	5
2.2. Selskapsform	6
2.2.1. Kommunalt føretak (KF).....	6
2.2.2. Interkommunalt selskap (IKS)	6
2.2.3. Aksjeselskap	6
2.2.4. Samvirkeføretak	7
2.2.5. Stiftinga	7
3. Overordna prinsipp for eigarskap	8
3.1. God folkevald styring	8
3.2. Langsiktig og openheit.....	8
3.3. Selskapa skal vera medviten sitt samfunnsansvar.....	9
3.4. Utøving av eigarmynde og aktivt eigarskap	9
3.4.1. Generalforsamlingar og representantmøter.....	9
3.4.2. Eigarmøte.....	10
3.5. Styre – val, samansetning og krav til medlemane	10
3.5.1. Krav til styret.....	11
3.5.2. Kjønnrepresentasjon i styra.....	11
3.6. Godtgjersle for styrevern og leiarløn.....	11
3.7. Utarbeiding og revisjon av selskapsstrategi og selskapsavtale/ vedtekter	12
3.8. Eigarskapsstrategiar	12
3.9. Kontroll og rapportering	13
4. Oversikt over Bømlo kommune sine ulike selskap og eigartilhøve.....	14
4.1. Aksjeselskap	14
4.1.1. Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS	14
4.1.2. Bømlo Vatn og Avløp AS	14
4.1.3. Viergo AS.....	15
4.1.4. Møster Amfi- og kyrkjehistoriske Senter AS	16
4.1.5. Møster 2024 AS.....	16
4.1.6. Sentralidrettsanlegget AS	17
4.1.7. Opero AS.....	17
4.1.8. Atheno AS	18
4.1.9. Kystlegane AS.....	18
4.1.10. Sunnhordlandssambandet AS	19
4.1.11. Norsk Bane AS.....	19
4.1.12. Hordfast AS	19
4.1.13. E134 Haukelivegen AS.....	20

4.2. Interkommunale selskap	20
4.2.1. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS.....	20
4.2.2. Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	21
4.2.3. Karmsund Havn IKS	22
4.2.4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	22
4.2.5. Krisesenter Vest IKS	23
4.2.6. Interkommunalt arkiv Hordland IKS.....	24
4.3. Kommunale føretak	25
4.3.1. Bømlo kulturhus.....	25
4.4. Samvirkelag	25
4.4.1. Finnås kraftlag SA.....	25
4.4.2. Biblioteksentralen SA	26
5. Avsluttande merknadar/vidare arbeid	27

1. Innleiing

Bømlo kommune har vesentlege verdiar og samfunnsoppgåver som vert forvalta i selskap, føretak og ulike samarbeidsformer. Med eigarskapsmeldinga ønskjer ein å gje ein samla oversikt over desse verksemdene og formålet med selskapa og eigarskapen. Samtidig vil ein tydeleggjera kommunen sin eigarskapspolitikk.

Eigarskapspolitikk er dei overordna premisser som kommunen legg til grunn for forvaltninga av selskapa og egedelane. Det refererer til system, retningslinjer og rutinar kommunen har for å praktisere eigarskapen. Det omfattar vurderingar som vert gjort før val av selskapsorganisering, rutinar for rapportering, premisser for val av medlemmer til styrande organ osv. Eigarskapsmeldinga vil bidra til at eigarskapspolitikken vert forankra i breie politiske prosessar.

Eigarskapsmeldinga er meint å vera eit overordna politisk og administrativt styringsdokumentet for forvaltninga av kommunen sine selskap og eigardeler. Meldinga skal danna dei ytre rammene for selskapa si verksemd, uavhengig av selskapsform.

Meldinga har to hovudinndelingar. Først, i punkt 1-3 gir ein ei meir generell framstilling av kommunen sin eigarskapspolitikk, med gjennomgang av dei aktuelle selskapsformene for kommunen og dei overordna prinsipp for eigarstyringa. Deretter vert det gitt ein oversikt over dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i. Til slutt vert det lagt fram ein strategi/plan for arbeidet med eigarskapspolitikken fram mot neste eigarskapsmelding.

2. Organisasjonsformer for kommunal verksemd

2.1. Innleiing

Kommunen har stor fridom til å organisera tenestene slik ein finn det formålstenleg. Det er kommunen sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, oppgåver, trong for eigarstyring, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og det aktuelle lovverket.

Før kommunen stiftar eller går inn i nye selskap, skal det gjerast ei grundig vurdering av kvifor kommunen ønskjer å organisera verksemda i eit selskap. Kommunen skal leggja til rette for ein god og effektiv kommunal drift til beste for innbyggjarane.

Følgjande tilhøve bør vurderast før avgjerd om selskapsform vert teken:

Styring:

- Trong for politisk styring
- Tilhøve mellom kommunen si rolle som eigar og eventuell utøvar av mynde
- Kompetanse og vilkår for kommunen til å følgje opp eigaransvaret – aktiv oppfølging
- Vilkår og avgrensing med omsyn til delegasjon av mynde
- Fleksibilitet – endring av eigartilhøve / samarbeid med private
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Etikk og samfunnsansvar

Økonomi:

- Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet
- Økonomisk fridom for selskapet, krav og eigarstyring sett opp mot det å halda på eiga avgjerdsmynde om prioritering av ressursar
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Reglar for kjøp

Konkurransesituasjon:

- Risikovurderingar i tilhøve til marknaden, miljø og kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til brukar / innbyggjar

Administrative rutinar:

- Rapportering og oversikt – kva rutinar og administrativ oppfølging er naudsynt
- Tilhøve til forvaltningslova og offentleglova

2.2. Selskapsform

2.2.1. Kommunalt føretak (KF)

Nå kommunen ønskjer å gje ei verksemd noko meir sjølvstendig stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle organisasjonsstrukturen, kan det etablerast eit kommunalt føretak etter kommunelova kapittel 9. Føretaket er ein del av kommunen si verksemd, både juridisk og økonomisk. Kommunen er part i alle avtalar og heftar for føretaket sine forpliktingar. I motsetnad til organisatorisk utskiljing ved bruk av aksjelova og lov om interkommunale selskap, vil dei tilsette ha kommunen som arbeidsgjevar. Føretaket vert leia av eit styre som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret. Føretaka er på denne måten direkte underlagt kommunestyrets budsjettmynde.

Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjæringsmynde ovanfor føretaket sin daglege leiar. Men etter kommunelova § 9-16 kan kommunedirektøren instruera styret og dagleg leiar om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før kommunestyret har handsama saka. Kommunedirektøren skal også få høve til å uttala seg før styret gjer vedtak i saker som også skal handsamast av kommunestyret. Uttalen skal leggjast fram for styret i føretaket når styret skal handsama saka.

2.2.2. Interkommunalt selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskap kan berre eigast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine plikter.

Selskapet sitt eigarorgan og øvste mynde er representantskapet, og eigarane skal opprette ein skriftleg selskapsavtale. Kvar deltakarkommune eller fylkeskommune skal ha minst ein representant i representantskapet, og det einskilde kommunestyret har instruksjonsrett overfor sine medlemmer i representantskapet. Sjølve forvaltninga av selskapet ligg hjå styret og dagleg leiar.

Representantskapet som eigarorgan utøver kontroll over styret på fleire måtar:

- Avgjer samansetninga av styret
- Kan instruera styret og gjera om avgjerder
- Kan gjennom selskapsavtalen fastslå at nærare fastsette saker må godkjennast i representantskapet

2.2.3. Aksjeselskap

Lov om aksjeselskap (aksjelova) regulerer denne organisasjonsforma. Eit aksjeselskap kan eigast av kommune åleine, eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar eller saman med private rettssubjekt. I

eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske plikter. Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste eigarorgan.

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane den øvste mynde i selskapet. Her kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak fastsetja rammer og gi nærare reglar for styret og dagleg leiar. Det er generalforsamlinga som vel styret.

Selskapet vert leia av styret og ein dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for at selskapet vert drive i samsvar med eigarane sitt føremål, selskapsvedtektene, eventuelle instruksar frå eigarane og innfor rammene av lovverket. Styret har også ein viktig funksjon for å sikra strategisk planlegging av selskapet. Dagleg leiar skal halda seg til dei pålegg og retningslinjer som styret gir.

2.2.4. Samvirkeføretak

Lov om samvirkeføretak (samvirkeloven) regulerer denne organisasjonsforma. Samvirkeføretaket er ikkje eit selskap. Samvirkeføretaket har medlemmer, ikkje eigarar, og vert styrt av dei som handlar med føretaket, og som såleis har direkte nytte av den verksemda som vert driven. Samvirkeføretaket har ikkje fritt omsetjelege eigardelar, og kan derfor ikkje kjøpast opp. På årsmøtet – samvirket sitt øvste organ – vert det fatta avgjerder som hovudregel ut frå prinsippet «eitt medlem, ei stemme».

2.2.5. Stiftingar

Lov om stiftingar (stiftelsesloven) regulerer denne organisasjonsforma. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som opprettar av ei stifting kan kommunen verken utøva direkte styring over stiftinga si verksemd eller gjera krav på del i stiftinga sitt overskot (ta utbytte). Opprettaren kan heller ikkje løysa opp stiftinga. Organisering gjennom å oppretta ei stifting gjer verksemda heilt ubunden av kommunen.

Då stiftingar er sjølvstendige og ikkje kan underleggjast noko form for eigarstyring, vert eigarskapsmeldingane avgrensa mot stiftingar.

3. Overordna prinsipp for eigarskap

3.1. *God folkevald styring*

Bømlo kommune vil arbeida for å oppretthalde og sikra god folkevald styrings av sitt eigarskap, mellom anna ved opplæring av folkevalde og arbeid med eigarskapsmeldinga.

Når ein organiserer deler av kommunen si verksemd til eit selskap vert vilkåra for folkevald styring og kontroll endra. Kommunestyret får eigarrolle og må styra selskapet gjennom selskapets eigarorgan.

Rolleendringa endrar likevel ikkje kommunestyret sitt ansvar for kommunen si samla verksemd. Det er derfor viktig å oppretthalda god folkevald styring. Eigarskapsmeldinga speglar kommunen sin eigarskaps-politikk, og dei føringar som vert lagt i denne er såleis eit viktig reiskap for å oppretthalda god folkevald styring av kommunen sitt eigarskap. Bømlo kommune skal vurdera sitt eigarskap i det einskilde selskapet kvart fjerde år i samband med handsaming av eigarskapsmeldinga. Meldinga skal normalt handsamast om hausten etter at selskapa har halde generalforsamlingar, representantskapsmøte og årsmøte.

Som eit ledd i å sikra god folkevald styring vil ein også syta for opplæringstilbod om kommunen sitt eigarskap til dei folkevalde. Det er viktig at kommunestyret som eigarar får kunnskap og innsikt om omfanget av selskapsorganiseringa og dei styringshøve ein har for dei selskapa kommunen har eigedeler i. Eit opplæringstilbod i regi av kommunen vil også kunne bidra til å forankra eigarskapsforvaltninga blant dei folkevalde.

Opplæring skal mellom anna bli gitt i tilknytning til ordinær opplæring av folkevalde i starten på valperioden. Vidare vil ein også leggja opp til at opplæringa skal gje innsikt i dei ulike rollene ein har som folkevald, som styremedlem eller som medlem i representantskap eller generalforsamling.

3.2. *Langsiktig og openheit*

Bømlo kommune sitt eigarskap skal ha eit langsiktig perspektiv og vera prega av openheit.

Føreseieleg og ope eigarskap aukar tilliten til det kommunale eigarskapet. Høg grad av openheit skal avgrensa høve til misforståingar knytt til kommunen si eigarskapsutøving og gjera eigarskapsutøvinga meir føreseieleg.

Openheit om kommunen sitt eigarskap skal mellom anna sikrast gjennom informasjon om alle eigarforhold på kommunen si nettside og gjennom kommunen si eigarskapsmelding.

Ein skal vera open kring val av styrerepresentantar til dei ulike selskapa og godtgjerings til styret. Styreverv skal gjerast allment tilgjengeleg på kommunen sine nettsider og gjennom www.styrevervregisteret.no.

Bømlo kommune forventar at selskapa sine styre og dagleg leiar varetek ein offensiv og open informasjonspraksis overfor eigarane og gir korrekt og relevant informasjon så tidleg som mogleg. I selskap som er omfatta av krava i offentleglova skal det vera sett i verk tiltak som sikrar openheit og innsyn i samsvar med lovas krav. Kommunen ønskjer at det, så langt det er praktisk og forretningsmessig mogleg, vert lagt til rette for meir offentlegheit i selskap der kommunen har eigarinteresser.

Bømlo kommune skal i sitt eigarskap prioritera heilskapleg samfunnsutvikling og langsiktige økonomiske interesser.

3.3. Selskapa skal vera medviten sitt samfunnsansvar

Bømlo kommune skal fremja samfunnsansvarleg drift og berekraftig samfunnsutvikling, i tråd med FN sine berekraftmål.

Bømlo kommune ser det som eit absolutt at dei selskap der kommunen har eigarinteresser, har verdiar og haldningar som byggjer på kommunen sine etiske retningslinjer og driv etter sunne forretningsprinsipp. Selskapa skal også ha ei aktiv haldning til klimautslepp og leggja til grunn kommunen sin klimaplan.

Styret bør klargjera selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette, utforma retningslinjer for etikk og samfunnsansvar.

Med samfunnsansvar meiner ein her ansvar for menneske, samfunn og miljø, og omhandlar mellom anna menneskerettar, arbeidsforhold, HMS, miljømessige forhold og arbeid mot korrupsjon og diskriminering.

Berekraft og samfunnsansvar skal vera ein integrert del av eigaroppfølginga og tilpassast kvart enkelt selskap sin eigenært.

3.4. Utøving av eigarmynde og aktivt eigarskap

Bømlo kommune skal utøva si eigarrolle gjennom aktiv bruk av generalforsamlingar, representantskapsmøte og eigarmøte.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggjande for ein best mogleg lokalpolitisk forankring av kommunen sitt eigarskap. Aktivt eigarskap gjev viktig signaleffekt ovafor omverda og vil styrka kommunen sitt omdømme.

3.4.1. Generalforsamlingar og representantmøter

Dei formelle eigarorganet er generalforsamlingar (for AS) eller representantskap (for IKS). Som hovudregel skal sentrale folkevalde vera kommunen sine eigarrepresentantar i eigarorganet. Det er kommunestyret

som oppnemner eigarrepresentantane. I generalforsamling vil til vanleg ordførar eller den som ordførar gjer fullmakt til det, representera kommunen.

Kommunen vil nytta desse arenaer til aktiv eigarstyring utover lova sitt krav til saker som må handsamast, under dette drøftingar av viktige eigarstyringssaker, oppfølging av eigarstrategi og evaluering av styret sitt arbeid.

Når det gjeld strategisk viktige avgjerder/avklaringar i eigarorgana skal representanten frå kommunen vera bunden av føregående handsaming i kommunestyret eller aktuelt utval. Eigarrepresentantane si stemmegjeving i eigarorganet skal generelt vera tufta på kommunen sine prinsipp for god eigarstyring slik det er vedteke av kommunestyret i Eigarskapsmeldinga.

3.4.2. Eigarmøte

Bømlo kommune ønskjer at det skal haldast årlege eigarmøte. Eit eigarmøte er eit møte mellom kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet. Formannskapet skal vera kommunen sitt eigarutval og gjennomfører eigarmøta. Eigarmøte er ein arena der både eigar og selskapet kan ha gjensidig informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøfta generell utvikling og rammevilkår for verksemda. Det skal ikkje treffast vedtak, og det bør ikkje leggjast føringar eller «gis signal» i eigarmøte som kan gripa inn i styret sitt myndeområde. Eigarmøtet er uforpliktande for eigarane og for selskapet.

3.5. *Styre – val, samansetning og krav til medlemane*

Styret skal vera kjenneteikna av kompetanse, kjennskap til sitt samfunnsansvar, kapasitet og mangfald ut frå selskapet/føretaket sin eigenart og Bømlo kommune sine formål med selskapet.

Oppnemning og skifte av personar i styre er eit viktig reiskap for styring. Eigar sitt ansvar er å sikra profesjonalitet i styret.

Det aksjeselskap og interkommunale selskap sitt eigarorgan som utnemner styret. Kommunestyret kan før generalforsamling/representantskapsmøte gjera vedtak som bind avstemminga til sine representantar. I kommunale føretak er det kommunestyret som utnemner styret.

Det må leggjast vekt på brei kompetanse hjå dei som skal veljast til styret, slik som:

- God økonomisk og juridisk forståing
- Solid bransjekunnskap/fagkompetanse
- Erfaring frå styrearbeid/erfaringar frå næringslivet
- Politisk/samfunnsmessig kompetanse

I utgangspunktet vert det rådd frå situasjonar der styret sine medlemmer jamleg vert vurdert i høve til forvaltningslova sine reglar om habilitet. Bruken av leiande politikarar i styra bør derfor vurderast kritisk. Styra skal etablera faste prosedyrar for å handtera habilitetskonfliktar.

Kommunestyret skal oppretta ein valkomité som innstiller til det organ som skal velja representantar til styra.

3.5.1. Krav til styret

Ved val av styremedlemmer er det viktig å klargjera forventningane til styre som kollegium og kva krav som bør gjelda både til kompetanse, kapasitet og mangfald. Kommunen set opp resultatmål for selskapa, og styret er ansvarleg for realisering av måla. Krava frå kommunen som eigar skal vera tydelege og utformast på ein slik måte at selskapa si etterleving av krava kan etterprøvast. Styret bør gjera ei evaluering av eige arbeid før kvar generalforsamling/representantskapsmøte.

Dersom styret ikkje klarar å oppfylla krava som eigar har definert, må styret og eigar vurdere årsakene til at måla ikkje vart nådd. Gjennom generalforsamling og representantskap har eigar mynde til å skifta ut styret ved manglande oppfylling av fastsette krav/mål. Dette bør vera gjenstand for fortløpande vurdering.

3.5.2. Kjønnrepresentasjon i styra

Reglande i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styra gjeld også for aksjeselskap der kommunen eig minst 2/3 av aksjane. Det følgjer av kommunelova § 21-1. Etter IKS-lova § 10 gjeld reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret tilsvarande.

Det vert rådd til at eigarorgana uavhengig organisasjonsform arbeider for balansert kjønnsrepresentasjon i styra for slik å betre utnytta kompetansen i kommunen.

3.6. **Godtgjersle for styreverv og leiarløn**

Godtgjersle til styret sin medlemmer og lønn til leiar i selskapet skal fremja verdiskaping i selskapet og stå fram som rimeleg med omsyn til ansvar, kompetanse, arbeidsomfang og kompleksitet.

Etter aksjelova skal generalforsamlinga fastsetja godtgjeringa til styremedlemmene. I IKS er det representantskapet som fastset godtgjeringa til styremedlemmene og kommunestyret fastset godtgjeringa til styret i kommunale føretak.

Kommunen har overordna retningslinjer for godtgjersle som representantane til eigarorgana skal leggja til grunn når godtgjersla vert fastsett.

Rimeleg godtgjering skal forståast slik at den skal vera konkurransedyktig, men ikkje leiande innan bransjen. Styregodtgjersla skal fastsetjast med utgangspunkt i selskapets økonomiske tilhøve, styret sitt arbeidsomfang, styrerisiko og styremedlemmane sitt kompetansemessige bidrag til selskapa.

Det vert rådd til å det vert teikna styreforsikring for alle styremedlemmane i selskap med avgrensa ansvar.

Det er selskapet sitt styre som fastset lønn til dagleg leiar og andre i leiande stillingar i selskapet. Bømlo kommune forventar at styra ved lønnsfastsettinga vektar konkurransemessige behov for selskapet mot eit nivå som generelt uttrykker moderasjon ved fastsetting av leiarlønningar.

3.7. Utarbeiding og revisjon av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Alle selskap skal fastsetja, og jamleg revidera, selskapsavtalar/vedtekter og selskapsstrategiar. I alle selskap med to eller fleire eigarar skal det utarbeidast aksjonæravtale.

Oppgåvene til styre og administrasjon er å planleggja, forvalta og driva verksemda innafor ei ytre ramme som er trekt opp av eigaren/eigarane gjennom selskapsavtalen og vedtektene for selskapet. Fastsetting av vedtekter og selskapsavtalar er saman med val av styremedlemmer kanskje den viktigaste styringsreiskapen kommunen har.

Aksjonæravtalen i selskap med private eigarar bør omfatta føresegner om selskapskontroll.

Selskapet si verksemd skal gjerast tydeleg i vedtektene/selskapsavtalen. Selskapsavtale/vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er trong for endringar.

Innafor ramma av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapa utarbeida mål og strategiar som samsvarar med eigar sine ønske for verksemda.

Formålet med selskapa skal vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er trong for endringar.

3.8. Eigarstrategiar

For å leggja grunnlaget for ein strategisk drift og god styringsdialog skal det utarbeidast eigarstrategi for alle selskap der Bømlo kommune har ei vesentleg/kontrollerande eignedel.

Kommunen sin overordna eigarstrategi går fram av Eigarskapsmeldinga. I tillegg skal det utarbeidast eigarstrategi for enkeltsekskap der det er naturleg ut frå eigarskapets omfang og selskapets betydning for kommunen. Ein grunnleggjande føresetnad for strategisk drift av selskapa er ein klar og presis eigarstrategi, som også klargjer forventningane til styret og selskapet. Det vil og vera ein føresetnad for etterfølgjande selskapskontroll.

Eigarstrategiane har som formål å leggja grunnlaget for god styringsdialog ved å gi langsiktige mål med klar retning på kva eigarane ønskjer med selskapet. Eigarstrategiar skal primært utarbeidast for selskap der kommunen har vesentleg/kontrollerande eignedel. I selskap med fleire eigarar skal eigarstrategien så langt som praktisk mogleg vera forankra hjå alle eigarane.

Gjennom eigarstrategien bør det også klargjerast forventning til eventuell avkastning, anten i finansiell forstand eller på anna vis. Forventningane vil vera avhengig av type selskap og koplast opp mot føremålet med selskapet.

Det vert lagt opp til ei revidering av eigarstrategiane kvart fjerde år, med utgangspunkt i mellom anna endra rammevilkår, nye vedtekne føringar m.m.

3.9. Kontroll og rapportering

Kommunestyret skal gjennom sitt tilsyns- og kontrollansvar arbeida for å sikra at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevd og at etiske omsyn vert teken i vare.

Kontrollen vert mellom anna utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld også når verksemda er skilt ut i eigne selskap.

Kontrollutvalet har ein lovregulert funksjon som organet utfører på vegne av og for kommunestyret, og har derfor også ei viktig rolle i kommunen sin kontroll med selskapa. Det er viktig at kontrollutvalet har gode nok rammevilkår slik at dei faktisk kan utøva kontrollfunksjonen godt.

Kontrollutvalet skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som kommunestyret skal vedta. Det vert rådd til at planen syner kva eigarinteresser og selskap som kan vera aktuelle for kontroll, og i kva grad det er aktuelt å gjennomføra forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i slik plan skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultatata av desse.

Kommunale føretak er ein del av kommunen som juridisk person og kjem inn under kontrollutvalet sitt generelle ansvar for å sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte, og at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda i samsvar med kommunelova sine retningslinjer.

4. Oversikt over Bømlo kommune sine ulike selskap og eigartilhøve

4.1. Aksjeselskap

4.1.1. Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS

Selskapet vart stifta 26.06.2008. Aksjekapital på kr 4 000 000,-, fordelt på 40 aksjar à kr 100 000,-. Bømlo kommune eig alle aksjane. Ordførar i Bømlo kommune utgjer generalforsamlinga i selskapet.

Føremål (selskapsavtalen)

- Selskapet sitt hovudføremål er å leiga ut omsorgs- og kommunale utleigebustadar til brukarane som Bømlo kommune har eit spesielt ansvar for, under dette brukarar som har vanskar med å skaffa seg bustad i den private markanden eller har særskilt behov for omsorgsbustad.
- Dette skal selskapet oppnå ved å eiga, kjøpa, og selja eigedommar til bustadføremål, samt byggja ut, drifta, vedlikehalda og forvalta eigedommar til bustadføremål til denne brukargruppa. Selskapet kan også byggja ut, drifta, vedlikehalda og forvalta andre eigedommar som skal nyttast til kommunale føremål.
- Selskapet skal ikkje ha som føremål å driva kommersiell verksemd.

Mellom Bømlo kommune og selskapet er det etablert ein hovudavtale om oppgåver, rollefordeling innafor utbygging, utleige, forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bustader og andre eigedomar.

Det skal ikkje betalast utbytte. Eventuelt overskot skal nyttast på ein måte som varetek selskapet sitt ideelle føremål. Ved eventuell oppløysing av selskapet skal den del av attverande midlar som overstig den innbetalte eigekapitalen nyttast i tråd med selskapet sitt føremål.

4.1.2. Bømlo Vatn og Avløp AS

Selskapet vart stifta 17.12.2002. Aksjekapitalen er på kr 3 000 000,-, fordelt på 30 aksjar à kr 100 000,-. Bømlo kommune eig alle aksjane. Ordførar i Bømlo kommune utgjer generalforsamling i selskapet.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt føremål er kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vatn og avlaupsanlegg i Bømlo kommune, og andre oppgåver i tilknytning til dette. Selskapet kan også utføra oppdrag for andre kommunar og privat verksemd, og engasjera seg i liknande verksemd. Selskapet skal grunna sitt allmennyttige føremål drivast etter sjølvkostprinsippet.

Det er utarbeidd ein driftsavtale mellom Bømlo kommune og selskapet om oppgåve og rollefordeling.

Det skal ikkje betalast utbytte. Eventuelt overskot skal nyttast til finansiering av tiltak innan vassforsyning og avlaupsutbygging i Bømlo kommune. Ved eventuell oppløysing av selskapet skal eigenkapitalen nyttast til utbygging og drift av vatn og avlaupsanlegg i Bømlo kommune.

4.1.3. Viergo AS

Selskapet vart stifta 07.12.1989. Selskapet har totalt ein aksjekapital på kr 150 000,- kroner fordelt på 150 aksjar, og Bømlo kommune eig alle aksjane.

Det skal ikkje betalast utbytte. Selskapet sitt overskot skal vera att i selskapet og nyttast til føremål som styrker drifta i framtida. Ved eventuell avslutninga av selskapet skal selskapet si formue stillast til disposisjon for Bømlo kommune til fremming av varige arbeidsplassar i tråd med selskapet sitt formål.

Eigarskapet i Viergo AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert. Gjennom eigarskapen vil ein etterkomma krav om offentlege fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt føremål er gjennom produksjon og sal av varer og tenester å skapa grunnlag for sysselsetting, opplæring, arbeidstrening og arbeidsavklaring for personar som via ulike samarbeidspartnarar har trong for slike tilbod.

Sentrale oppgåver

Per 2021 har Viergo AS 25 varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) og 7 plassar for arbeidsførebuande trening (AFT). Kommunen har finansieringsplikt for desse plassane. Dette kjem i tillegg til statleg hovudfinansiering (NAV) i samsvar med nasjonale satsar.

VTA – Varig tilrettelagt arbeid - er for trygda personar som ikkje utan vidare kan skaffa seg arbeid på den ordinære marknaden. Inntak av nye personar skjer gjennom godkjenning av NAV. Arbeidet i VTA skal bidra til å oppretthalda og utvikla ressursar hos arbeidstakarane gjennom opplæring, tilrettelagt arbeid og kvalifisering.

AFT – Arbeidsførebuande trening – er for personar som av ulike helsemessige årsaker treng bistand til å skaffa seg ordinært arbeid. Den enkelte kan vera i tiltaket i inntil to år. NAV har krav om 50 % måloppnåing til ordinært arbeid for denne gruppa.

Selskapet sitt overskot skal bli verande i verksemda og nyttast til føremål som styrkjer drifta i framtida. Ved oppløysing av selskapet skal selskapet sin formue stillast til disposisjon for Bømlo kommune til fremming av varige arbeidsplassar i trå med selskapet sitt føremål.

4.1.4. Moster Amfi- og kyrkjenhistoriske Senter AS

Selskapet vart stifta 08.03.2002. Selskapet sin aksjekapital er kr 100 000,- fordelt med to aksjar kvar pålydande kr 50 000,-. Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune eig kvar si aksje.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt føremål er å leggja til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar, under dette, men ikkje avgrensa til, ideell verksemd knytt til:

- Bygningar og anlegg: Selskapet eig bygningar og anlegg (gards- og bruksnummer) og skal syta for normalt godt vedlikehald, samt stå ansvarleg for eventuelle bygningsmessige endringar.
- Kyrkjenhistorie, pedagogikk/forskningsformidling: Selskapet skal med utgangspunkt i anlegg og andre verdiar som vart skapte i samband med riksjubileet "Kyrkja i Noreg 1000 år, Moster 995 – 1995", arbeida med formidling av den tidlegare kyrkjenhistoria i Noreg, mellom anna ved å vedlikehalde og utvikle den faste utstillinga "Frå heidendom til kristendom".
- Kulturformidling/scenekunst: Selskapet skal syta for at kulturanlegga på Moster og i Moster Amfi er i aktiv bruk og tilgjengelege for ålmenta, og særleg leggja til rette for framføring av sogespelet "Kristkongane på Moster".
- Moster Amfi som reisemål: Selskapet skal arbeida for at Moster opprettheld og utviklar vidare sin posisjon som regionalt, nasjonalt og internasjonalt reiselivsmål.

Den norske Kyrkja er ein indirekte eigar gjennom vedtektsfesta rett til ein representant med vararepresentant til styret.

Det skal ikkje betalast utbytte.

4.1.5. Moster 2024 AS

Selskapet vart stifta 19.10.2020. Aksjekapitalen er på kr 200 000,- delt på 2 aksjar à kr 100 000,-. Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune eig kvar si aksje.

Formål (selskapsavtalen)

Selskapet si verksemd er å planleggja og fullføra eit riksjubileum for å markera at det i 2024 er 1000 år sidan Kristenretten vart vedteken på Mostratinget. Temaet for jubileet skal vera verdiar i lovverk og samfunn, og barn og unge skal prioriterast særleg ved markeringa.

Selskapet skal ikkje ha profittføremål og all inntekt skal nyttast i tråd med selskapet si verksemd.

Det skal ikkje betalast utbytte. Ved oppløysing av selskapet skal formue og eventuelt overskot tildelast Moster Amfi og Kyrkjenhistoriske senter.

4.1.6. Sentralidrettsanlegget AS

Selskapet vart stifta 12.04.2007. Aksjekapitalen er på kr 2 000 000,- fordelt på 2 000 000 aksjar kvar pålydande kr 1,-. Bømlo kommune eig 51 % av aksjane og Bremnes Idrettslag 49 %. Selskapet har eit overkursfond på kr 4 000 000,-.

Eigarstrategi vedtatt av kommunestyret 23.03.15;

- Sentralidrettsanlegget AS (SIA AS) skal eiga- drifta og byggja ut Svortland Idrettspark til å verta eit hovudanlegg for breidde- og toppidretten i Bømlo kommune.
- SIA AS skal vektleggja både breidde- og toppidretten i sine planar om drift og vidareutvikling av anlegget. Både eksisterande og framtidige anlegg skal kunne brukast av lag og foreiningar etter nærare avtale og tildeling av trenings- og brukstider.
- SIA AS skal vera ein støttespelar for å fremje folkehelsa gjennom å vera ein pådrivar for tilrettelegging av fysiske aktivitetar for alle innbyggjarane i Bømlo kommune.
- SIA AS skal vera ein støttespelar for lag og organisasjonar i samband med planleggjing/byggjing av nye anlegg i heile kommunen.
- SIA AS skal ha ansvar for drift- og vedlikehald av anlegg som SIA AS disponerer. Det er utarbeidd eigen driftsavtale som regulerer dette mellom Bømlo kommune og SIA AS.
- SIA AS er ansvarleg for utleige av anlegg som SIA AS disponerer.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt føremål er å eiga, bygge ut og drifta Sentralidrettsanlegget på Svortland.

Det skal ikkje betalast utbytte. Eventuelt overskot skal nyttast til vidare utvikling av Sentralidrettsanlegget. Ved oppløysing/avvikling av selskapet skal selskapet sine eidedeler gå til Bømlo kommune/Bremnes Idrettslag for å sikra vidare drift av Sentralidrettsanlegget.

4.1.7. Opero AS

Selskapet vart stifta i 1978. Aksjekapitalen er på kr 1.755.000,- fordelt på 1755 aksjar a kr. 1000,-. Bømlo kommune eig 338 aksjar.

Eigarskapen i Opero AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert. Med eigarskapen vil ein mellom anna dekkja krav om offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør.

Føremål (selskapsavtalen)

Føremålet for selskapet er å utvikla og gje yrkesmessige arbeidsinkluderingsstilbod med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Bedrifta gjev og tilbod om utprøving og avklaring av personar med tanke på framtidig arbeid og utdanning.

Rekruttering til verksemda og formidling til anna arbeid skjer i nært samarbeid med NAV, og verksemda sjølv har hovudansvaret for formidling av deltakarar innsøkt frå NAV.

Det skal ikkje betalast utbytte. Overskot skal bli i bedrifta og komma formålet til gode. Ved eventuell oppløysing av selskapet skal generalforsamlinga velja eit avviklingsstyre. Restmidlar skal nyttast til beste for deltakarane i Sunnhordland.

4.1.8. Atheno AS

Selskapet vart stifta 26.06.1992. Selskapet sin aksjekapital er kr 3 221 000 fordelt på 3221 aksjar pålydande kr 1 000,-. Bømlo kommune eig 125 aksjar.

Føremålet med eigarskapet i Atheno AS er å bidra til og sikra at selskapet utviklar regionen og næringslivet på ein måte som kjem kommunen til gode.

Føremål (selskapsavtalen)

- Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk.
- Å driva inkubatorverksemd i regionen og arbeide for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand.
- Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklings- arbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemdar i Sunnhordland.
- Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg aktivitet og attraktiv pris at ein vert føretrekt som samarbeidspartnar for desse.
- Å arbeida fram samt leggja til rette og tilby naudsynt kompetanse i regionen.

Det skal ikkje betalast utbytte.

4.1.9. Kystlegane AS

Selskapet vart stifta 10.05.2005. Bømlo kommunestyre vedtok den 04.12.2017 kjøp av 24 aksjar i Kystlegane AS. 24 Aksjar utgjør 20 % av selskapet.

Kommunen sitt eigarskap i selskapet har som føremål å sikra stabil legedekning i kommunen. Kjøpet vart gjort då ein, etter oppseiing frå ein av legane, ikkje fekk tilsett ny lege som ønska å driva som sjølvstendig næringsdrivande. Løysinga vart tilsetting av lege på fastlønn i Bømlo kommune, samt at kommunen kjøpte seg inn i Kystlegane AS. Kystlegane AS er arbeidsgjevar for hjelpepersonellet på legesenteret og eig utstyr og inventar.

Det er varsla at fleire av legane vil slutta innan kort tid, og ein har starta avklaringsprosessar for å finna vidare driftsmodell for legeverksemda.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt føremål er drift av legesenter på Bremnes.

4.1.10. Sunnhordlandssambandet AS

Selskapet vart stifta 27.03.2007. Selskapet sin aksjekapital er kr 1 349 000,- fordelt på 1349 aksjar à kr 1 000,-. Bømlo kommune eig 10 aksjar.

Selskapet er planlagt oppløyst i løpet av 2022.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt føremål er å arbeida for at ein ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i NTP. Når Sunnhordlands sambandet er komen inn i NTP skal selskapet arbeida for at Sunnhordlandssambandet vert realisert.

Selskapet skal ikkje betala utbytte, i det overskotet skal tilførast eigenkapital. Ved avvikling skal selskapet sin formue fordelast etter høve mellom aksjonærane.

4.1.11. Norsk Bane AS

Selskapet vart stifta 16.02.2002. Selskapet sin aksjekapital er på kr 10 159 000,- fordelt på 10 159 aksjar à kr 1 000,-. Bømlo kommune eig 10 aksjar.

Føremålet med eigarskapet er å vera med i eit arbeid med fokus på reduksjon av klimautslepp, samt få informasjon om kva som skjer på høgfartsbanenetta i Norge.

Formannskapet i Bømlo vedtok i sak PS 32/12 den 08.05.2012 å selja aksjane i selskapet. Rådmannen fekk fullmakt til å gjennomføra salet til minimumspris på kr. 500,- per aksje. Ein fekk ikkje bod som fylte kravet og salet vart ikkje gjennomført.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet har som føremål å planleggja og realisera eit høgfartsbanenett i Noreg, og gjennomføra dei tiltaka som synest nødvendige for å kunne oppnå dette. Høgfartsbanen over Haukeli er eit nøkkelement. Selskapet kan selja jarnbanefagleg kompetanse.

4.1.12. Hordfast AS

Selskapet vart stifta 20.08.2010. Aksjekapital er på kr 148 000,- fordelt på 148 aksjar à kr 1 000,-. Bømlo kommune eig 5 aksjar.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 - i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeida med tiltak som støtter opp om å få eit vedtak om å byggja ferjefri kyststamveg, samt få dette realisert. Under dette bidra til eventuell forskotering eller delfinansiering av utgreingar og planar som er nødvendig for lokale og nasjonale vedtak.

Selskapet skal ikkje betala utbytte. Ved avvikling av selskapet skal aksjekapitalen brukast på tiltak som støtter opp under formålet med selskapet.

4.1.13. E134 Haukelivegen AS

Selskapet vart stifta 10. januar 2001. Aksjekapitalen er på kr 460 000,- fordelt på 460 aksjar à 1 000 kroner. Selskapet sine aksjeeigarar er kommunar i Hordaland/Rogaland og Telemark, samt ein del private eigarar. Bømlo kommune eig 10 aksjar.

Føremål (selskapsavtalen)

Føremålet er å arbeida for utbyggjing og standardheving av transportkorridoren E 134 og RV23. I tillegg kan selskapet arbeida for å fremja interessene til viktige sidegreiner til denne transportåra når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å oppretta finansieringsselskap og utbyggingselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeida saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setja i verk tiltak og bruka dei verkemedel som er tilgjengelege og aktuelle for å fremja føremålet til selskapet.

Det skal ikkje betalast utbytte.

4.2. *Interkommunale selskap*

4.2.1. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Selskapet var stifta 18.01.2014, og er eigd av kommunane Bømlo, Fitjar og Stord. Eigarkommunane heftar uavgrensa for selskapet sine plikter i samsvar med sin egedel. Bømlo kommune har egedel på 35,1 %. Eigarane pliktar å betala årleg driftstilskot til selskapet til dekning av godkjende driftskostnader i samsvar med sin egedel. Driftstilskotet skal utbetalast i like deler fire gonger per år på følgjande datoar, 1. januar, 1. april, 1. juli og, 1. oktober.

Eigarskapsstrategi

Formålet med eigarskap i Sunnhordland interkommunale legevakt IKS er å ivareta Bømlo kommune si plikt til å ha ei legevaktsordning i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk. Selskapet skal gjennom stabil bemanning, systematisk kvalitetssikring og vekt på fagkompetanse sikra ei robust og god legevaktteneste for innbyggjarane i legevaktdistriktet.

Føremål (§ 3 i selskapsavtalen)

1. Selskapet skal ta i vare eigarane si plikt til å ha legevaktordning i samsvar med gjeldande lov og avtaleverk

2. Selskapet skal gjennom drift av sengeavdeling ivareta eigarane si plikt til å ha plassar for øyeblikkeleg hjelp (KAD-plassar) i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk.
3. Selskapet skal gjennom stabil bemanning, systematisk kvalitetssikring og vekt på fagkompetanse sikra ei robust og god legevaktteneste for innbyggjarane i legevaktdistriktet.
4. Selskapet kan etter førespurnad for eigarane ta på seg nye oppgåver for eigarkommunane.
5. Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kommunar.
6. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Representantskapet

Representantskapet har tre medlemmer, eit medlem frå kvar deltakarkommune med personleg varamedlem. Funksjonstida er fire år, og fell saman med den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Ordinære representantskapsmøte skal haldast i første halvår innan 30. april og andre halvår innan 1. oktober.

4.2.2. Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

Selskapet vart stifta 02.05.1990, og er eigd av kommunane Bømlo, Sveio, Stord, Austevoll, Fitjar, Tysnes og Kvinnherad. Eigardelen er fordelt etter folketalet i kommunane på etableringstidspunktet. Bømlo kommune har egedel på 18,55%. Eigarkommunane har deltakaransvar for prosentdel som svarar til folketalet i kommunen 1.1. det året det er kommuneval. 1.1.2019 var deltakaransvaret for Bømlo kommune på 29,68%.

Eigarskapsstrategi

Formålet med eigarskapet i Sunnhordland Interkommunale miljøverk IKS er å sikra publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvennleg måte.

Formål (selskapsavtale)

1. Innsamling og transport av alle avfallstyper etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal der dette er naturleg søkja å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.
4. Å bidra til miljøtiltak i kommunane.
5. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Sentrale oppgåver (selskapsavtale)

1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, attvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller attvinning.
2. Selskapet skal særleg leggja vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i handsaminga av avfall.
3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om

drifta i selskapet.

4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvennlege metodar for handsaming av avfall.

Representantskapet

Kvar kommune har ein representant per 3000 innbyggjar med minimum 2 representantar. Bømlo kommune har 4 representantar i representantskapet. Representantskapet med personlege varamenn vert vald av kommunestyra for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden. Representantskapet kjem saman ein gong i året, før utgangen av juni månad. Årsmøtet vel leiar og nestleiar.

Budsjett og rekneskap skal etter vedtektene sendast medlemskommunane som melding.

4.2.3. Karmsund Havn IKS

Selskapet var stifta 01.01.1992, og er eigd av kommunane Karmøy, Haugesund, Bømlo, Bokn, Tysvær og Sveio. Selskapskapitalen er kr 1 300 000,-. Bømlo kommune har deltakaransvar på 7,69 %.

Eigarskapsstrategi

Eigarkommunane vedtok felles eigarstrategi 18.10.2016. Utgangspunktet for kommunen sin eigarskap er å ivareta lovpålagt forvaltningsansvar og ein kostnadseffektiv og sikker måte, gjennom stordriftsfordelar mellom kommunane.

Føremål (selskapsavtale)

Selskapet sitt formål er effektiv og sikker forvaltning av hamneverksemda på vegne av dei kommunar som er deltakande, og ivareta desse kommunane sine oppgåver, rettar og plikter i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande hamne- og farvasslovgivinga.

Representantskapet

Representantskapet/hamnerådet er selskapet sitt høgste organ og har 6 medlemmer. Bømlo kommune har 1 medlem og 1 varamedlem.

4.2.4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Selskapet vart stifta 08.01.1981, og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Selskapet har ein innskotskapital på 100 000,- og medlemskommunane eig likt og har likt ansvar for selskapet. Kommunane har ansvar for årlege utgifter til selskapet ved at utgifter vert fordelt på likt grunntilskot frå kvar kommune og tilleggstilskot per innbyggjar.

Eigarskapsstrategi

Føremålet med eigarskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er å fremja nettverksbygging for å utvikla Sunnhordland til det beste for innbyggjarane.

Føremål (selskapsavtalen)

Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utvikling. Føremålet vert presisert gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur- og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

Representantskapet

Representantskapet er selskapet sitt høgaste organ og har 24 medlemmer, 3 frå kvar kommune. Medlemmene med vararepresentantar vert valde av kommunestyret og fylgjer valbolken.

4.2.5. Krisesenter Vest IKS

Selskapet vart stifta 27.09.2011, og er eigd av 16 kommunar i Sunnhordland og Nord-Rogaland- Hovudkontoret er i Haugesund med avdelingskontor også på Stord og i Odda.

Eigarskapsstrategi

Formålet med selskapet er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikra etterleving av krisesenterlova § 2, a), b), og c). Selskapet skal vera eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova § 2 d). Selskapet har ikkje som føremål å driva verksemd som gjev utbytte til eigarkommunane.

Sentrale oppgåver

Krisesenter Vest IKS skal sørge for eit krisesentertilbod som skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod.

Tilbodet skal gi brukaren støtte, rettleiing, hjelpt til å ta kontakt med andre deler av hjelpeapparatet og skal omfatta:

1. eit krisesenter eller tilsvarende gratis, heilårs, heildøgns, trygt og mellombels butilbod, og
2. eit gratis dagtilbod, og
3. eit heilårs og heildøgnsstilbod der personar nemnde i første ledd kan få råd og rettleiing per telefon, og
4. oppfølging i reetableringsfasen.

Krisesenter Vest IKS skal sørge for god kvalitet på tilbudet, mellom anna ved at dei tilsette har kompetanse til å ta vare på dei særskilte behova til brukarane.

Representantskapet

Møte i representantskapet vert halde årleg innan utgangen av mai månad, og skal handsama sak om årsmelding med revidert årsrekneskap frå styret.

4.2.6. Interkommunalt arkiv Hordland IKS

Selskapet vart stifta 22.05.2002, og er eigd av 24 kommunar i Vestland. Eigarane betalar inn årlege tilskot til drift etter vedtak i representantskapet. Tilskotet skal vera eit grunnbeløp samt eit kronebeløp per innbyggjar. Bømlo har per 01.01.2020 egedel på 4,4 %. Egedelalen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av kvar enkelt eigar sitt årlege tilskot til selskapet. Egedelane skal justerast ved innmelding og utmelding. Den einkilde eigar heftar uavgrensa for sine aktuelle eigardeler av selskapet sine samla forpliktingar.

Eigarskapsstrategi

Føremålet med eigarskapet er å sikra at arkivmateriale i Bømlo kommune vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. lov om arkiv § 6.

Føremål (selskapsavtalen)

Selskapet sitt hovudformål er å leggja forholda til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.

Sentrale oppgåver

Selskapet skal yta deltakarane tenestene som er finansiert med det årlege driftstilskotet:

- ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv
- utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane
- lokale kurs om arkivfaglege tema
- tilsyn med arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv
- rettleiing om arkivfaglege spørsmål
- rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv

Selskapet kan tilby eigarane andre tenester, som til dømes arkivfaglege tenester og arkivdepot. Selskapet har ikkje erverv som føremål.

Representantskapet

Samleige eigarar er representert med ein representant kvar. Det skal oppnemnast eit varamedlem for kvar av dei faste medlemmene. Funksjonstida skal vera 4 år og lik den kommunale valperioden. Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

4.3. Kommunale føretak

4.3.1. Bømlo kulturhus

Føretaket vart stifta 12.12.2005, og er eit kommunalt føretak. Føretaket er ein del av kommunen og kommunen heftar for føretaket sine samla forpliktingar. Kommunestyret er selskapet sitt øvste organ.

Føremål

Bømlo kulturhus skal vera eit reiskap for gjennomføring av kommunen sin kulturpolitikk.

Føretaket skal vera ope for alle lovlege kulturaktivitetar. Ingen skal stenges ute på grunn av religiøse, sosiale, kulturelle eller politiske omsyn.

Føretaket skal tilby innbyggjarane eit mangfald av kulturopplevingar på høgt kvalitativt nivå.

Føretaket skal bidra til eit breiare kulturtilbod i regionen, enten sjølv eller i samarbeid med andre.

Føretaket skal i størst mogleg grad sørge for eiga inntening ved eigen produksjon av arrangement, drift av kafé, utleige av lokale, utstyr og personale, og å driva aktiv forretningsdrift og aktivitetar for næring. Drifta skal vera effektiv/mest mogleg lønsam. Budsjett, handlingsprogram og årsrapport for føretaket skal dokumentere resultatkrav og resultat.

4.4. Samvirkelag

4.4.1. Finnås kraftlag SA

Selskapet vart stifta 23.03.1946. Medlemsinnskotet er på kr 300,-.

Føremål

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområdet.
- Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning
- Omsetja elektrisk energi
- Produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg
- Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar
- Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde
- Yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde

Bømlo kommune kan peika ut ein observatør til styret med personleg varamedlem, Kommunen sin observatør har tale- og framleggsrett i styret.

Overskot skal skje gjennom utdeling til medlemmene basert på grunnlag av deira omsetnad med kraftlaget, jf. lov om samvirkeselskap. Etter vedtektene kan styret leggja fram forslag om at inntil 35 % av årsoverskotet skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbyte). Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forretning at samvirkelova sine krav om egenkapital er oppfylt.

4.4.2. Biblioteksentralen SA

Selskapet vart stifta 04.02.1952. Bømlo kommune har, ut frå talet på innbyggjarar, 8 eidedeler i selskapet. Medlemsinnskottet er kr 300 per eidedel.

Føremål

Selskapet sitt hovudføremål er å vera eit serviceorgan for og hovudleverandør av produkt og tenester til offentlege bibliotek, skular og andre offentlege institusjonar.

I tillegg kan biblioteksentrale etablerer og investera i verksemder med det føremål å betena den totale bok-, informasjons og kunnskapsmarknaden.

Biblioteksentralen skal drivast etter bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det vert skapt økonomisk tryggleik og utviklingstilhøve og slik at medlemmane sine interesser vert ivaretatt på best mogleg måte.

Biblioteksentralen har ikkje økonomisk fortjeneste som føremål – heller ikkje for medlemmane.

Ved eventuell oppløysing av selskapet skal selskapet sine midlar først gå til dekning av selskapet si gjeld. Dersom det er midlar att etter dekning av gjeld, ar medlemmane rett til å få utbetalt eidedelsinnskott og inneståande på medlemskapitalkonti. Attverande midlar skal forvaltast av KS til fremming av biblioteksaka i Norge.

5. Avsluttande merknadar/vidare arbeid

Eigarskapsmeldinga skal reviderast annakvart år.

Det skal, så langt som mogleg, gjennomførast eigarmøte med sentrale selskap, minst ein gong i året.

Fram mot neste eigarskapsmelding vil ein ha fokus på gjennomgang/utarbeiding av eigarstrategiar for dei einskilde selskapa der kommunen har eigarinteresser, jf. også punkt 3.8. ovanfor.

Ein skal sikra at styreverv er registrert i styrevervregisteret.